




DEN NORSKE KYRKJA
Møre bispedøme



KYRKJE OG KULTURSKATT



KYRKJE OG KULTURSKATT

*I Møre bispedøme er det 119 kyrkjer:
(35 på Nordmøre, 35 i Romsdal og 49 på Sunnmøre)*

*Kyrkjene er sokna sin eigedom og samlingsstad –
og på same tid kulturskattar.*

Mange av kyrkjene ligg på stader som har kyrkjetradisjon tusen år tilbake.

*I skjæringspunktet mellom
vinkelslipar og teologi*



KYRKJENE I MØRE

*Mellan dei 119 kyrkjene i Møre bispedøme
er 61 kyrkjer listeførte av Riksantikvaren som verneverdige.*

9 av kyrkjene er freda etter kulturminnelova.

*Dei freda og listeførte kyrkjene er rekna som spesielt verdfulle
og er underlagt eit strengare verneregime enn dei andre kyrkjene.*

GODKJENNINGSMYNDE

*Biskop er godkjenningemynde for saker som rører
ved kyrkjer og kyrkjene sine nære omgjevnader.*

*Kyrkjelov og kyrkjerundskrivet T-3/2000 er grunnlaget
for rådgiving og saksbehandling.*

§§

*Forvaltninga skjer i eit samspel med sokn, fellesråd,
Riksantikvar og fylkeskonservator.*

KYRKJEBYGGET



KYRKJEBYGGET

Alle endringar på kyrkjebygga (endringar i fasade og interiør, ombygging, utviding, osv.) blir saksbehandla av biskopen etter kyrkjelova § 21.

*Alle tiltak i samband med dei 61 listeførte kyrkjene i Møre
krev løyve frå biskopen etter råd frå Riksantikvaren.*

*Alle tiltak knytte til dei 9 freda kyrkjene i Møre
krev løyve frå Riksantikvaren.*

KYRKJEINTERIØRET




KYRKJEINTERIØRET

*Alle endringar i inventar og utstyr i kyrkjene
blir saksbehandla av Møre biskop etter kyrkjelova § 18.*

*Alle tiltak i samband med dei listeførte kyrkjene krev løyve
frå biskopen etter råd frå Riksantikvaren.*

Alle tiltak knytte til dei 9 freda kyrkjene krev løyve frå Riksantikvaren.

KYRKJETEKSTIL



KYRKJETEKSTIL


Møre biskop saksbehandlar etter kyrkjelova § 18 alle søknader knytte til liturgiske klær og kyrkjelege tekstil.

Sokn som vil anskaffe ny messehakel til kyrkja må søkje biskopen om dette.

Sokn som vil kjøpe inn nye prekestol-klede, lesepultklede eller ny løpar til kyrkjerommet, må søke om dette.

Prestar, kateketar og diakonar som vil få laga eigen stola skal søkje biskopen om dette.

GRAVPLASS



GRAVPLASS

Det er sokna som eig gravplassane i kommunen og kyrkjeleg fellesråd som fastset vedtekter og forvaltar gravplassene.

Vedtekten skal godkjennast av bispedømmerådet etter gravferdslova.

Ved alle større endringar på gravplass, som t.d. utviding eller bygning på gravplass, skal fellesrådet søkje bispedømmerådet om godkjenning.

Bispedømmerådet skal også godkjenne ferdig opparbeidd gravplassareal.

GRAVPLASS


*Bispedømeråd er godkjenningsmynde
for saker som rører ved ved gravplass.*

*Gravferdslov med tilhøyrande forskrift
er grunnlaget for rådgiving og
saksbehandling.*

§§

*Forvaltninga skjer i eit samspel med
fellesråd og nasjonal rådgivar gravplass*

GRAVPLASS



GRAVPLASS

«Anlegg, utvidelse, nedleggelse eller annen vesentlig endring av gravplass og bygninger på gravplass kan ikke skje uten etter tilslutning fra kommunen og med tillatelse fra bispedømmerådet.

Bispedømmerådet kan sette vilkår for tillatelsen»

(Gravferdslova § 4)



SAMARBEID

Rådgivar kyrkjeforvaltning i Møre bispedøme samarbeider nært med kyrkjeverjene i kommunane om spørsmål kring kyrkjebygg, kyrkjerom, gravplass og kyrkja sitt nærområde.

Rådgivaren samhandlar også med Kyrkjerådet sine fagfolk innan kyrkjebygg og gravplass.

I mange saker må Riksantikvar høyrast – og i somme saker fylkeskonservatoren.

FAKTA KYRKJEFORVALTNING

Det er 10 freda kyrkjer i Møre:

**Edøy, Grip, Kvernes, Tingvoll, Rødven, Veøy, , Molde (2007),
Borgund, Giske, og St. Jetmund.**

Riksantikvaren saksbehandlar etter Kulturminnelova.

Biskopen saksbehandlar etter Kyrkjelova.

61 av dei 119 kyrkjene i Møre er **listeførte** av Riksantikvaren som særleg verneverdige. Biskop er saksbehandlar på slike saker, men Riksantikvaren skal uttale seg ved søknader om tiltak/endringar.

Fylkeskonservator uttalar seg (på vegner av RA) om tiltak i kyrkja sine nære omgjevnader, mellomaldergrunn (arkeologi etc.)

FAKTA KYRKJEFORVALTNING

Møre biskop behandla **årleg kring 60 kyrkjeforvaltningssaker**, t.d.:

Tiltak og endringar i korpartiet i kyrkja, flytting av kyrkjebenkars, nye puter i kyrkjebenkane, godkjenning av liturgiske klær og liturgiske tekstilar, nye høgtalarar/nytt lydsystem i kyrkja, ny belysning i kyrkja, nytt brannvarslingsanlegg, forbetring av toalettforhold, skifte/fornying av golv, etablering/fornying av rullestolrampe, søknad om å sette opp flaggstang, ny belysning og nytt dekke utanfor kyrkja, alle byggjetiltak nærmere kyrkja enn 60 meter, låneopptak i det kyrkjelege fellesrådet.

Det blir også gitt ein del høyringsuttaler til kommunale arealplanar, eksterne tiltak nær kyrkja (nye vegar osv.)

Sakene som er handsama er knytte til tiltak over heile bispedømet.

FAKTA KYRKJEFORVALTNING

Møre bispedømeråd behandlar **årleg 25-30 kyrkjeforvaltningssaker**, t.d.:

- godkjenning av nye gravplassvedtekter
- utviding av gravplassar
- etablering av minnelundar
- fjerning av tre
- tiltak på kyrkjegardsmur
- m.m.

Nokre gonger behandlar bispedømerådet klager på enkeltvedtak i fellesråda.

